



FYRESDAL KOMMUNE  
Klokkarhamaren 6  
3870 FYRESDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tonje Katrine Vaage, 33371109

## Rår ifrå og vil vurdere påklaging - uttale - dispensasjon - Fyresdal 36/2 - utvidet driftsområde for Kølbotn masseuttak

---

**Statsforvaltaren ved miljøavdelinga finn at søknaden om utviding av driftsområde for Kølbotn masseuttak i Fyresdal kommune manglar vesentlege utgreiingar som er nødvendige for å sikre at omsynet til nasjonale interesser blir teke i vare. Dette gjeld manglande kartlegging av naturverdiar etter anerkjent metodikk, og manglande utgreiing av støy mot nærliggande bustader. På bakgrunn av dette rår vi ifrå at kommunen innvilgar dispensasjon til utvidinga, og vil vurdere påklaging av et eventuelt positivt vedtak i saka utan at dei nødvendige utgreiingane føreligger og eventuelle tilpassingar og avbøtande tiltak er på plass.**

---

Vi viser til oversending frå Fyresdal kommune datert 13.02.2026 og ettersending av dokumenter 06.03.2026. Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har fått utsett frist for uttale til 20.03.2026.

### Saka gjeld

Saka gjeld søknad om dispensasjon for utviding av driftsområde for Kølbotn masseuttak, gbnr. 36/2, i Fyresdal kommune. Arealet som er tenkt for utviding er i dag skogareal som ligg øst for området som i dag er i bruk som masseuttak. Masseuttaket har vore i drift i over 20 år med ulike aktørar. Drifta i uttaket har følgd driftsplan godkjent av direktoratet for mineralforvaltning sidan 2021. Bakgrunnen for at det nå er søkt om ei utviding av driftsområdet er at etablering av datasenter på Molandsmoen har et stort behov for tilføring av knuste massar. I tillegg er det planar om bustadbygging og naudsynt oppgradering av infrastruktur som gjer at behovet for massar har auka.

Det er ikkje reguleringsplan for dagens uttak, men området er satt av til råstoffutvinning i kommunedelplan for Fyresdal sentrum 2006-2020. Området som er tenkt for utviding av masseuttaket er satt av til LNF-formål i kommunedelplanen.

### Rolla til miljøavdelinga

Statsforvaltarens miljøavdeling skal sjå til at dispensasjonar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unges



interesser og gravplassar. Omsynet til støy og naturverdiar av nasjonal og vesentleg regional verdi er blant ansvarsområda til Statsforvaltaren si miljøavdeling.

### **Vurderingane til miljøavdelinga**

#### Rettsleg grunnlag

Kommunen vurderer at utvidinga vil kunne krevje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 frå LNF-formålet i kommunedelplanen for Fyresdal sentrum 2006-2020. LNF-formålet gjeld for områder som skal bli nytta eller sikra til landbruksproduksjon, eller som skal bli liggande som naturområde og/eller område som har ei spesiell betydning for friluftslivet. Ved at kommunen har satt av området til LNF-formål i kommunedelplanen har kommunen tatt stilling til ønska arealbruk og utvikling i området. Kommunedelplanen er blitt vedteken etter en omfattande avgjerdsprosess med krav til medverknad. Det skal derfor ikkje vere en kurant sak å dispensere frå denne planen.

For å kunne gi dispensasjon i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 må omsyna bak føresegnene det dispenserast frå, omsyna i føremålsføresegna i lova, eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje bli vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, jf. andre ledd i føresegna. Sosialmedisinske, personlege og menneskelege omsyn har normalt ikkje avgjerande vekt i dispensasjonssaker, jf. Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) s. 242. Vidare følgjer det av plan- og bygningslova § 19-2 tredje ledd at det ved dispensasjon frå lova og forskrift til lova særleg skal leggest vekt på konsekvensane for mellom anna miljø.

Vidare slår Naturmangfaldlova kapittel II fast at utøving av offentleg mynde skal bygge på et godt kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, og at påverknad av tiltaket skal vurderast ut frå samla belastning på økosystemet, jf. nml. §§ 7-10.

Vi viser også til folkehelselova § 4 som mellom anna gir kommunen et ansvar for å bidra til å verne befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa innafor oppgåvene og verkemidlane som kommunen er tillagt, slik som ved sakshandsaming. Vi viser samstundes til *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021), som skal leggjast til grunn ved arealplanlegging og behandling av byggesaker etter plan- og bygningslova. Føremålet med retningslinja er å legge til rette for langsiktig arealdisponering og planlegging som fremjar trivsel og kvalitet, og som førebygger helsekonsekvensar av støy. Retningslinja og tilhøyrande rettleiar M-2061 understrekar at støyutgreiingar må bli laga så tidleg som mogleg i en planleggingsfase, og presiserer at støy skal bli utgreia i alle planar for utbygging der det er grunn til å tro at det kan vere problem med støy.

#### Naturmangfald – manglande kartlegging etter anerkjent metodikk

Utvidinga av masseuttaket mot øst er skissert til å vere på om lag 27,5 daa med moglegheit for ytterlegare utviding på 11 daa mot Modølsåi i nord. Undersøkingar av kart og flyfoto viser at om lag 16 daa innafor det nye området for utviding består av eldre furuskog (75-115 år gamal) på høg bonitet. Gammal skog med god tilgang på dødt virke er et viktig habitat for en lang rekke sjeldne og trua arter som er avhengig av de spesielle forholda som utviklar seg over tid i lite påverka naturområde. Det er derfor særleg viktig å ivareta naturtypen med den sentrale rolla den har i økosystemet.

Fyresdal kommune er samla sett svært dårleg kartlagt for naturtypar etter Miljødirektoratets instruks (NiN), som er gjeldande metodikk. Kunnskapsgrunnlaget om naturverdiar i kommunen er derfor generelt mangelfullt. Dette gjeld også for området som er ønska for utviding av masseuttaket. Vi ser at kommunen i sin vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsgrunnlaget skriv at det ikkje er registrert nokon naturverdiar i området, men at det er gjort NiN-kartlegging av et



område lenger sør ved Fyresdal flyplass der det ikkje ble gjort nokon funn av viktige naturtypar. Etter vår vurdering er kartlegging av et område utan funn ikkje et tilstrekkeleg argument for å ikkje gjennomføre dei nødvendige kartleggingane i andre område i sakar som kan påverke naturmangfald negativt. Ei kartlegging av naturverdiar i område med potensial for dette er vesentleg for å kunne skaffe det kunnskapsgrunnlaget som er nødvendig for å vurdere saka i tråd med prinsippet gitt i naturmangfaldlova § 8.

Ut ifrå vår fagkunnskap og ved hjelp av mellom anna flyfoto vurderer vi at det er potensiale for funn av naturtypar av nasjonal eller vesentleg regional interesse innafor området med eldre skog, jf. rundskriv T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis*, punkt 3.8. Vi vil derfor rå ifrå at kommunen gir dispensasjon til utvidinga utan at området først er kartlagt for naturtypar etter anerkjent metodikk. Om kartlegginga viser funn av naturtypar av nasjonal eller vesentleg regional interesse må kommunen sikre at disse blir teke i vare. Dette bør fortrinnsvis skje gjennom en ordinær planprosess, slik at omsynet til eventuelle funn kan bli sikra gjennom arealformål, omsynssoner og føresegner.

### Støy

Støy er et miljøproblem som rammar mange menneske, og som kan gi høyrselsskadar, forstyrning av søvn, og stressreaksjonar som utgjør et helseproblem. Kommunen er ansvarleg for å følgje opp at det blir teke omsyn til støy i alle planar og vedtak. Dette gjeld mellom anna planar for ny busetnad, vegar og industriområde.

Da kommunedelplanen for Fyresdal sentrum ble revidert i 2006 var området som nå er aktuelt for utviding en del av et større område for steinbrot som ble konsekvensutgreia. De ble da laga ei støyutgreiing for heile området, der det kom fram at to hus var innafor gul støysone. Vi har ikkje sett sjølve støyutgreiinga, berre det som kjem fram av konsekvensutgreiinga for steinbrot. Vi ser uansett at denne støyutgreiinga er av eldre dato, og at den derfor ikkje nødvendigvis er dekkande for dagens og framtidens drift, situasjon og gjeldande retningslinjer.

Generelt sett vil vi understreke viktigheita av at det blir laga gode støyutgreiingar i sakar der det kan vere støyutfordringar. Støyutgreiingar gir det faglege grunnlaget for å kunne velje dei riktige løysingane som tek i vare omsynet til støyforhold for ny utbygging. I tillegg skal ei slik utgreiing gi både myndigheiter og andre rørte partar den kunnskapen som trengs om støysituasjonen, slik som til dømes kva dei største utfordringane er, og anbefalingar om tiltak som totalt sett kan gi god kvalitet og dei beste lydforholda. Det viktigaste føremålet med ei støyutgreiing er å kunne vise at grenseverdiane og kvalitetskriterium kan bli tilfredsstillt. Utan denne kunnskapen er det vanskeleg å kunne ta en informert avgjerd av om vilkåra gitt i plan- og bygningslova § 19-2 er oppfylt eller ikkje.

Vi ser også at gjeldande driftskonsesjon og notat frå Sweco om drift i det utvida området viser til retningslinje T-1442/2021 og forureiningsforskrifta kapittel 30. Mellom anna står det at støyforholda for tilgrensande bustader til masseuttaket skal sikrast etter gjeldande retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging. Dette er et godt utgangspunkt for å sikre at omsynet til støy for tilgrensande bustader blir teke i vare. For at ein skal kunne sikre at støyforholda er innafor grenseverdiane, eventuelt om det er behov for avbøtande tiltak for å oppnå dette, er det likevel en viktig føresetnad at det er gjennomført ei støyutgreiing som viser dei faktiske og forventa støyforholda ved dei aktuelle bustadene.

Vi vurderer at den manglande støyutgreiinga er et vesentleg avvik frå retningslinje T-1442/2021, jf. rundskriv T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis*, punkt 3.1. Vi vil derfor rå ifrå at kommunen gir dispensasjon til utvidinga utan at det først er gjort ei utgreiing for forventa støysituasjon. Vi legg til



grunn at nødvendige avbøtande tiltak eller andre forhold som sikrar at krava gitt i retningslinje T-1442/2021 blir sikra. Dette bør fortrinnsvis skje gjennom en ordinær planprosess, slik at eventuelle avbøtande tiltak kan bli forankra i plankart og føresegner.

### Konklusjon

Statsforvaltaren er kjent med at kommunedelplanen for Fyresdal sentrum vil bli omfatta av revideringa av kommuneplanens arealdel som er i gang nå. Vi vurderer det derfor som uheldig at tiltak med et omfang og en storleik som er gjeldande i denne saka blir vurdert satt i gang gjennom et dispensasjonsvedtak, framfor en ordinær planprosess som allereie er i gang. Etter vår vurdering vil den aktuelle utvidinga kunne ha konsekvensar for vesentlege miljø- og samfunnsinteresser, som ikkje nødvendigvis blir fanga opp i en driftskonsesjonsprosess. Om tiltaket hadde vore behandla gjennom en ordinær planprosess, ville dette sikra at viktige moment ved saka var godt nok belyst, samtidig som det ville sikra en breiare medverknad.

Statsforvaltaren ved miljøavdelinga finn at søknaden om utviding av driftsområde for Kølbotn masseuttak i Fyresdal kommune manglar vesentlege utgreiingar som er nødvendige for å sikre at omsynet til nasjonale interesser blir teke i vare. Dette gjeld manglande kartlegging av naturverdiar etter anerkjent metodikk, og manglande utgreiing av støy mot nærliggande bustader. På bakgrunn av dette rår vi ifrå at kommunen innvilgar dispensasjon til utvidinga, og vil vurdere påklaging av et eventuelt positivt vedtak i saka utan at dei nødvendige utgreiingane føreligger og eventuelle tilpassingar og avbøtande tiltak er på plass.

Med helsing

Grethe Helgås (e.f.)  
direktør - miljøavdelingen

Tonje Katrine Vaage  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Telemark fylkeskommune

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED  
BERGMESTEREN FOR SVALBARD

Postboks

2844

Ladebekken

50

3702 SKIEN

7066 TRONDHEIM